



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

# TILSYNSRAPPORT

SKULEN SITT ARBEID MED ELEVANE SITT  
PSYKOSOSIALE MILJØ

Bjerkreim kommune – Bjerkreim skule

1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø .....	3
2. Gjennomføring av tilsynet.....	4
3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar .....	5
3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll.....	5
3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen .....	6
3.3 Brukarmedverknad .....	9
4. Pålegg som blei varsla i den førebelse tilsynsrapporten .....	10
5. Frist for tilbakemelding .....	11
Vedlegg 1    Oversyn over innsend dokumentasjon .....	12
Vedlegg 2    Oversyn over dei som er intervjuet .....	13
Vedlegg 3    Rettslege krav .....	14

## **1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø**

Det blir gjennomført felles nasjonalt tilsyn 2010 - 2013 der temaet er skulen sitt arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, jf. opplæringslova kapittel 9a. Hovudregelen for tilsynet er § 9a-1, og dei andre reglane som er kontrollerte, må sjåast i lys av denne. Tilsynet er likevel avgrensa til berre å gjelde skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet er delt inn i tre hovudkategoriar:

- Det førebyggjande arbeidet ved skulen - § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.
- Det individuelt retta arbeidet ved skulen - § 9a-3 andre og tredje ledd.
- Skulen si plikt til samhandling og involvering med ulike råd og utval (brukarmedverknad) - §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11.

### **Opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system og § 9a-4 om internkontroll**

I dette tilsynet er det også ført tilsyn med kommunen sitt ansvar etter opplæringslova § 13-10 andre ledd. Opplæringslova § 13-10 andre ledd er ein overordna regel som pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for oppfølging av alle lovkrava. I det felles nasjonale tilsynet 2010-2013 blir det også ført tilsyn med internkontrollen ved kvar enkelt skule knytt til elevane sitt psykososiale miljø. Kravet til internkontroll i samband med dette er særleg regulert i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.

### **Kommunen sitt ansvar**

Sjølv om opplæringslova legg ansvaret på skuleleiinga for den daglege gjennomføringa og etterlevinga av dei kontrollerte reglane, er det kommunen som har det overordna ansvaret. Det er kommunen som skuleeigar som må syte for at skuleleiinga ved kvar skule etterlever krava og pliktene i lova, og at dei tilbyr dei tenestene og aktivitetane som lova omtalar.

Oppfyllinga av elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø skjer på skulen. Det er skuleleiinga og dei tilsette som i det daglege må arbeide for eit godt skulemiljø. Kommunen som skuleeigar er likevel øvste ansvarlege for at pliktene etter kapittel 9a blir oppfylde. Dette inneber at det er kommunen som er ansvarleg for oppfyling av elevane sine rettar sjølv om det tilsynet har undersøkt har vore handlingar som skjer i skulen. Kommunen er derfor adressat for eventuelle pålegg om retting i samsvar med opplæringslova § 14-1 tredje ledd.

### **Føremålet med tilsynet**

Det overordna målet med tilsynet er å rette fokuset mot og styrkje arbeidet med det psykososiale miljøet ved skulane og skulane si evne til å førebyggje og handtere krenkjande åtferd. Gjennom kontroll med om skulane følgjer lovkrava på dette feltet, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast. Gjennom pålegg om retting skal slike forhold rettast opp.

Eit godt skulemiljø er ein viktig innsatsfaktor for ein god skule og for realisering av føremålsparagrafen i § 1-1 i opplæringslova. Manglar ved skulemiljøet kan føre til mistrivsel blant elevane, og det vil kunne ha direkte innverknad på læringsutbyttet deira.

### **Dei overordna føremåla med det felles nasjonale tilsynet i perioden 2010 - 2013 er å:**

- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar driv eit aktivt og førebyggjande arbeid for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at dei tilsette på ein tilfredsstillande måte handterer krenkjande åtferd som dei får kunnskap eller mistanke om
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at elevar, foreldre, råd og utval blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet

**Det blir presisert at tilsynsrapporten ikkje gir ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og skulen. Rapporten omhandlar berre resultat knytte til det temaet som er valt for det felles nasjonale tilsynet i perioden 2010 - 2013.**

## **2. Gjennomføring av tilsynet**

Etter opplæringslova § 14-1 andre ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Denne retten er delegert til Fylkesmannen. Fylkesmannen skal ha tilgang til skuleanlegg og dokumentasjon.

Tilsynet har vore utført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon, skriftlege utgreiingar og munnlege opplysningar.

Det er skulen som etter lova pliktar å sikre at den enkelte eleven får oppfylt retten sin til eit godt psykososialt miljø, jf. § 9a-1 og § 9a-3 første ledd. Skulen vil her seie: skuleeigar, skuleleiinga og dei tilsette ved skulen.

### **Gangen i tilsynet**

- 02.05.13: Melding om tilsyn
- 04.10.13: Mottak av dokumentasjon og utgreiing
- 29.10.13: Opningsmøte
- 07.11.13: Intervju/samtalar
- 13.12.13: Førebels tilsynsrapport og varsel om pålegg
- 17.12.13: Sluttmøte
- 10.01.14: Frist for tilbakemelding på varsel om pålegg og førebels rapport
- 10.02.14: Endeleg tilsynsrapport
- 16.05.14: Frist for tilbakemelding

### **3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar**

Det er informert nærare om dei rettslege krava og kva dei inneber i opningsmøtet 29.10.13. Dei rettslege krava er tekne med i vedlegg 3 til denne rapporten. Vi viser også til rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet om elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, Udir-2-2010.

#### **3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll**

For å oppnå eit godt psykososialt miljø er det ein naudsynt føresetnad at det blir drive eit førebyggjande arbeid som skal forhindre uønskt/krenkjande åtferd. Dette inneber at skuleleiinga må ha ei "føre var"-haldning til eventuelle situasjonar og utfordringar som kan oppstå i skulekvardagen, og som kan ha negativ innverknad på elevane sitt skulemiljø.

#### **Rettslege krav**

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet sin kontroll med det førebyggjande arbeidet ved skulen finst i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd. Skuleeigarar og skuleleiarar skal arbeide førebyggjande for å forhindre at uønskt åtferd oppstår. Det førebyggjande arbeidet skal vere aktivt, systematisk og kontinuerleg. Reglane presiserer plikta skulen har til å sikre at elevane sin rett etter § 9a-1 blir oppfylt. Sjå også vedlegg 3.

#### **Dokumentasjon og vurdering**

Av Bjerkreim skule sin verksemdsplan går det fram at skulen har ein visjon for arbeidet sitt: «Me ønskjer å vere ein skule som jobbar aktivt for å skape eit godt arbeids- og læringsmiljø.» Denne visjonen blir i eit tillegg til verksemdsplanen følgt opp av ei skriftleg konkretisering av ulike aktivitetar som kan vere med på å realisere visjonen. Det går fram av «Bjerkreimmodellen» at skulen har som mål å skape eit godt læringsmiljø, skape gode og positive relasjonar mellom elevane og vaksne, skape gode og positive relasjonar mellom elevane, og skape trygt miljø i friminutta og elles i skuletida. Fylkesmannen si vurdering er at Bjerkreim skule har sett seg skriftlege mål for skulemiljøet, og at skulen kan dokumentere korleis dei arbeider med det førebyggjande arbeidet på skulen.

Vidare går det fram av «Bjerkreimmodellen» at det psykososiale miljøet skal evaluerast om hausten og om våren, og at skulen sine rutinar kring kap.9a i opplæringslova skal evaluerast i juni. Gjennom intervju er det sannsynleggjort at planar og rutinar ved Bjerkreim skule blir jamleg evaluerte.

Gjennom dokumentasjon og intervju kom det fram at skulen skaffar seg kjennskap til den enkelte eleven si oppleving av skulemiljøet på fleire ulike måtar: Skulen har ei etablert vakt – og tilsynsordning i friminutta der dei vaksne observerer elevane, og det blir gjennomført elevsamtalar og foreldresamtalar. I forkant av foreldresamtalane svarar elev/foreldre på eit trivselsskjema som blir gjennomgått i sjølve foreldresamtalen. Elevundersøkinga blir gjennomført på 7.trinn, og skulen har rutinar for korleis resultata skal følgjast opp frå denne undersøkinga. «Bjerkreimmodellen» inneheld rutinar for avdekking av brot på § 9a-3, og rutinar for korleis skulen skal følgje opp dersom nokon får kunnskap eller mistanke om brot på § 9a-3 i opplæringslova. Intervju stadfestar at desse rutinane blir følgt i praksis.

Fylkesmannen si vurdering er at Bjerkreim skule kan dokumentere korleis skulen skaffar seg kjennskap til den enkelte eleven sin oppleving av skulemiljøet, og skulen har også ein plan for korleis forhold knytte til elevane sitt psykososiale miljø som blir avdekka skal følgjast opp.

I «Bjerkreimmodellen» går det under fleire punkt fram kven som har ansvaret for å gjennomføre ulike tiltak knytte til det førebyggjande arbeidet på skulen. Mellom anna kjem det til dømes fram at det er kontaktlæraren som har ansvaret for gjennomføringa av «Steg for

steg» og «Det er mitt val» Fylkesmannen vil kommentere at i rapporten «Forebyggende innsatser i skolen<sup>1</sup>» utgitt av Helsedirektoratet i 2006, blir programmet «Steg for steg» plassert i kategori 2, det vil seie program som byggjer på teoretisk og/eller empirisk kunnskap som gir grunn til å tru at dei kan gje positive resultat. Det er gjennom evalueringar likevel ikkje funne dokumenterte resultat ved bruk av dette programmet. «Det er mitt val» blei etter ein re-analyse i 2007 plassert i beste kategori, kategori 3, det vil seie program som gjennom evalueringar har dokumenterte positive resultat.

Vidare går det fram av «Bjerkreimmodellen» at det er sosiallærar, helsesøster og kontaktlærar som har ansvaret for arbeidet med jente – og gutegrupper i 7.klasse, og undervisningsinspektøren har ansvaret for inspeksjon (vakt i friminutta). Av «Bjerkreimmodellen» går det fram at tiltak og aktivitetar er forankra i skuleleiinga, og intervju stadfestar at skuleleiinga er involvert i den daglege gjennomføringa av skulemiljøarbeidet.

Dokumentet «Forskrift om reglement for orden og oppførsel – kommunalt reglement for skolene i Bjerkreim» ligger på skulen si heimeside. Av dette dokumentet går det fram at skolen skal ha nulltoleranse for mobbing. Mobbing som omgrep blir definert, og det blir klargjort kva nulltoleranse mot mobbing inneber: «Banning, utidig munnbruk, slåssing, negativ fysisk tilnærming til hverandre (strekning på pult, dytting osv.) og forstyrrelse av andres aktivitet er ikke akseptert.» Rasistiske utsegner og handlingar, samt seksuell trakassering er heller ikkje tillat. Skulen har også dokumentet «Skulevettreglar» som er med på å klargjere kva skulen legg i omgrepet krenkjande åtferd. Av intervju går det fram at personalet blir gjort kjende med ordensreglementet i fellestid ved skulestart om hausten. Av «Bjerkreimmodellen» går det fram at ordensreglane skal jamleg repeterast med elevane, og at det er kontaktlæraren som har ansvaret for at dette blir gjort. Intervjua stadfestar at dette blir gjort. Det går også fram av intervjua at foreldra blir informerte om ordensreglementet på foreldremøta.

Fylkesmannen si vurdering er at det er klargjort kven som har ansvaret for å gjennomføre tiltak knytte til det førebyggjande arbeidet. Det er også Fylkesmannen si vurdering at skuleleiinga er involvert i den daglege gjennomføringa av det systematiske skulemiljøarbeidet. Fylkesmannen vurderer det også slik at skulen har definert kva dei reknar som krenkjande åtferd, og at dette gjennom ordensreglementet blir gjort kjent for elevar, foreldre og tilsette.

### **Fylkesmannen sin konklusjon**

Bjerkreim skule har skriftlege planar og rutinar for det førebyggjande arbeidet med det psykososiale miljøet. Skulen har eit tilfredsstillande system for internkontroll slik det er krav om i opplæringslova §§ 9a-4 jf. 9a-3 første ledd.

### **3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen**

Det førebyggjande arbeidet må sjåast i samanheng med det individuelt retta arbeidet ved skulen. Det er viktig for oppfyllinga av krava i opplæringslova at dei førebyggjande tiltaka som blir planlagde, blir etterlevde i praksis.

Skulen si plikt til å gripe inn når det oppstår forhold som er krenkjande for éin eller fleire elevar, følgjer hovudsakleg av § 9a-3, andre og tredje ledd. Opplæringslova oppstiller

---

1

[http://www.udir.no/Upload/Rapporter/forebyggende\\_innsatser/5/Forebyggende\\_innsatser\\_forord\\_innledning\\_av\\_slutning.pdf?epslanguage=no](http://www.udir.no/Upload/Rapporter/forebyggende_innsatser/5/Forebyggende_innsatser_forord_innledning_av_slutning.pdf?epslanguage=no)

særskilte plikter for skulen knytte til det psykososiale miljøet og gir eleven/foreldra særskilte rettar knytte til saksbehandlinga ved skulen. Ved å kontrollere korleis skulane etterlever dei konkrete pliktene i § 9a-3 andre og tredje ledd, vil tilsynet kunne medverke til å sikre at skulane i praksis arbeider for å fremje elevane si helse, trivsel og læring.

### **Rettslege krav**

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova. Reglane presiserer at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber plikt til å gjere undersøkingar, plikt til å varsle rektor og plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg. Vidare blir skulen pålagt å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet, etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Sjå også vedlegg 3.

### **Dokumentasjon og vurdering**

Det går fram av ”Bjerkreimmodellen” at skolen har rutinar for avdekking av brot på oppl. § 9a-3, og ein prosedyre dersom nokon får mistanke eller kunnskap om moglege brot på retten til eit godt psykososialt miljø. I «Bjerkreimmodellen» er innhaldet i dei tilsette si handlingsplikt definert. Det er sagt her at ”dersom ein ser at ein elev ikkje har det greitt slik det er skildra i oppl. § 9a-3, skal ein melde frå til kontaktlærer. Dersom ein ser nokon bli mobba, skal ein, om mogleg, straks gripa inn. Kontaktlærer skal underrettast, slik at strakstiltak kan setjast i gong.” Skolen nyttar samtalelogg og åtferdsskjema for å sikre dokumentasjon.

Vidare skal rektor ifølge rutinane underrettast dersom ”A)Hendinga var grov, B)det er mistanke om mobbing, C)meldinga omhandla mobbing eller D)at det er mistanke om at hendinga har pågått over tid (ikkje er ei enkelt-hending).” Rektor avgjer om føresette skal varslast.

Intervju bekreftar at dei tilsette er gjort kjende med handlingsplikta og at dei følgjer denne opp i praksis. Dei tilsette ved skulen har ei felles forståing av kva det skal varslast om.

Rutinane inneheld og prosedyrar for vidare utgreiing av saka, der ansvarsfordeling mellom kontaktlærer, rektor og sosiallærer er beskrive.

I tillegg til skulen sin eigen modell har Bjerkreim kommune utarbeidd retningslinjer knytte til kap. 9a i opplæringslova. Desse inneheld utførleg informasjon om kva handlingsplikta inneber, og korleis reglane i opplæringslova skal praktiseras. Desse retningslinjene er nye, og gir utfyllande informasjon om handlingsplikta sett opp mot skolen sin eigen handlingsplan. Her er også omgrepet ”krenkjande åtferd” nærare presisert. Retningslinjene er gjort kjende for personalet, men er foreløpig ikkje fullt ut implementerte i praksis.

Bjerkreim skule har utarbeidd skjemaet ”Avklaring omkring sak som faller inn under opplæringslovens kapittel 9a” til bruk ved oppmoding om tiltak frå foreldre eller ved melding frå elev om episodar i timen, i friminutt eller på skulevegen. Skjemaet blir og nytta når dei tilsette ved skulen sjølv observerer krenkjande åtferd. I «Bjerkreimmodellen» er det presisert at terskelen for å sende heim skrivet skal vere låg. Skjemaet inneheld lovgrunnlaget (oppl. §9a-1 jf. § 9a-3) og skulen si vurdering eller observasjon. Føresette blir her bedne om å beskrive problemet slik dei opplever det. Dei skal og sette kryss i ein tabell: ”1.Vi anser hendelsen eller forholdet som en sak skolen kan løse utan enkeltvedtak”, eller ”2.Vi anser at vårt barn ikkje får oppfylt sin rett etter § 9a-1 og ber skolen fatte enkeltvedtak.” Ein gjer i

skjemaet merksam på at skulen kan velje å fatte enkeltvedtak sjølv om skjemaet ikkje blir returnert eller foreldra set kryss etter punkt 1.

Av rutinane i ”Bjerkreimmodellen” kjem det fram at dersom foreldra har kryssa av for at skulen kan løyse problemet utan enkeltvedtak, skal skjemaet arkiverast og tiltak setjast i verk. Etter ei veke eller to skal kontaktlærer ha ny samtale med føresette, notere i samtalelogg og informere rektor og sosiallærer om dette. Dersom foreldra har kryssa av for at dei ønskjer enkeltvedtak, skal skjemaet leverast til rektor med kopi til sosiallærer. Det går og fram av «Bjerkreimmodellen» at skulen har eit koordineringsteam som mellom anna har ansvar for å ta stilling til eventuelle enkeltvedtak etter oppl. § 9a-3.

Etter Fylkesmannen si vurdering er det ikkje i tråd med oppl. § 9a-3 at skulen, etter munnleg oppmoding om tiltak frå føresette, set i verk tiltak slik «Bjerkreimmodellen» legg opp til, utan at dette blir gjort gjennom å fatte enkeltvedtak. Intervju stadfestar også at det i enkelte tilfelle blir sett i verk tiltak knytte til brot på oppl. § 9a-3 utan at enkeltvedtak blir fatta. Dette kan vere saker som er mindre alvorlege, og der foreldra ikkje sjølv har særleg ønskje om vedtak. Dei eksempla på utfylte avklaringskjema Fylkesmannen har mottatt, viser at i nokre av tilfella har foreldra allereie bedt om tiltak før avklaringskjemaet har blitt sendt heim. Desse døma viser at elevane sin rett er broten, men foreldra har likevel kryssa av på at dei ikkje ønskjer enkeltvedtak. I slike tilfelle har skulen vedtaksplikt.

Undervegs i tilsynet har Bjerkreim skule gjort endringar i avklaringskjemaet. Den nye versjonen er utforma slik at det skal kryssast av for om hendinga «anses undersøkt og løyst», eller om ein ønskjer at skulen skal setje i verk tiltak. Slik Fylkesmannen vurderer det nye skjemaet, er dette godt eigna i saker der skulen sjølv blir merksam på forhold som kan tenkjast å medføre brot på eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø. I saker der foreldre ber om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet, skal rektor snarast mogleg fatte vedtak. Dersom det er behov for å avklare om elev eller foreldre har bedt om tiltak, kan dette avklarast munnleg.

I tilbakemeldinga etter førebels rapport viser kommunen også til endringar som er gjort i ”Bjerkreimmodellen”. Endringane kjem som følgje av at avklaringskjemaet har fått ny ordlyd, og er ledd i oppfølging av Fylkesmannen sitt varsel om pålegg om å fatte enkeltvedtak ved alle oppmodingar om tiltak retta mot ein elev sitt psykososiale miljø.

Bjerkreim kommune har i samband med nye skriftlige retningsliner knytte til kap. 9a i opplæringslova utarbeidd malar for enkeltvedtak og anna saksbehandling. Desse tilfredsstillar krava i opplæringsloven jf. forvaltningsloven. Dokumentasjon Fylkesmannen har fått tilsendt viser at skulen også tidlegare har hatt ein fast mal for enkeltvedtak, og at det har vore rutine for å fatte slike vedtak.

Gjennom intervju kom det fram at dei tilsette ved skulen er godt kjende med retten til enkeltvedtak når elev eller foreldre ber om tiltak knytte til det psykososiale miljøet. Fylkesmannen vil leggje til at retten til eit godt psykososialt miljø også gjeld under skuleskyss, slik at når elev eller foreldre ber om tiltak knytte til skuleskyss, må rektor fatte enkeltvedtak også i slike saker.

Døma på enkeltvedtak som Fylkesmannen har fått tilsendt, viser at det i desse tilfella er tatt stilling til om retten er broten (gjennom avkryssing i vedtaksmalen), vedtaka er grunngitt og det er skissert tiltak. Vedtaka inneheld og dato for når oppmoding er mottatt. Det er gitt opplysningar om klagerett i tråd med forvaltningslova sine reglar.



### **Fylkesmannen sin konklusjon**

Dersom tilsette ved Bjerkreim skule får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar, vil dei undersøkje saka, varsle leiinga og om nødvendig gripe inn. Bjerkreim skule tar dermed i vare elevane sine rettar etter opplæringslova § 9a-3 andre ledd.

Bjerkreim skule set i verk og følgjer opp tiltak når foreldre eller andre ber om tiltak som gjeld det psykososiale skulemiljøet. Bjerkreim skule fattar likevel ikkje enkeltvedtak ved alle oppmodingar om tiltak. Fylkesmannen sin konklusjon blir med bakgrunn i dette at Bjerkreim skule ikkje fullt ut sørgjer for å oppfylle elevane sine rettar etter opplæringslova § 9a-3 tredje ledd. I ny dokumentasjon har kommunen gjort nokre endringar i rutineane som kan bidra til at enkeltvedtak blir fatta i alle saker der foreldre ber om tiltak.

### **3.3 Brukarmedverknad**

Opplæringslova inneheld krav om at elevar og foreldre skal givast høve til å involvere og engasjere seg i arbeidet for eit godt psykososialt miljø ved skulen. Eit av verkemidla frå lovgivar for å sikre brukarmedverknad har vore å stille krav til oppretting av ulike råd og utval og å gi desse råda og utvala høve til å uttale seg før endelege avgjerder blir tekne.

Brukarmedverknad er ikkje ein statisk tilstand som kan oppnåast ein gong for alle i skulen, det er i tvert imot noko det må arbeidast kontinuerleg med. Tilhøyrsløse i ein sosial og fagleg fellesskap gjennom verdiar og verkemiddel som verdsetjing, aktiv deltaking og medverknad er noko som må gå føre seg kontinuerleg i kvardagen.

Det er ”skulen” som skal syte for at elevane blir engasjerte i skulemiljøarbeidet. Skulen i denne samanhengen vil seie skuleleiinga. Dersom det ikkje er tilrettelagt for at elevane eller dei føresette blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet, er det skuleeigar som blir gjort ansvarleg.

### **Rettslege krav**

§ 9a-5 slår fast at elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både i planlegginga og i gjennomføringa av det. Elles er det gitt reglar for ulike organ for brukarmedverknad både i § 9a-6 og i kapittel 11. Det går m.a. fram at råda og utvala skal givast relevant informasjon og *reelt* høve til å uttale seg. Rutinar for å sikre informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollen ved skulen etter § 9a-4. Sjå også vedlegg 3.

### **Dokumentasjon og vurdering**

Det er oppretta elevråd for 3. - 7. trinn ved skulen. Intervju og referat frå elevråd viser at skulemiljø er tema på møta. Ein av dei tilsette er kontaktperson for elevrådet, og elevane har fått opplæring i elevrådsarbeid. Elevane blir i tillegg engasjerte i arbeidet med skulemiljøet ved at nokre lærarar bruker «Det er mitt val». I klassane blir det arbeidd med å konkretisere det kommunale ordensreglementet og gjere det meir tilgjengelig for elevane ved skulen, mellom anna gjennom eigne klassereglar. Det er jente- og gutegrupper på 7. trinn der skulemiljø er tema.

Bjerkreim kommune sendte i samband med tilbakemeldinga på den førebelse tilsynsrapporten inn «Innkalling til møte i skulemiljøutvalet/samarbeidsutvalet ved Bjerkreim skule». Av innkallinga til møtet 25.09.13 går det fram at det er oppretta SU og SMU ved skulen. Innkallinga syner at samansetjinga av utvala er i samsvar med § 11-1a i opplæringslova.

Innkallinga skil på kva saker som skal behandlast av SMU, og kva sak som skal behandlast av SU.

Av innkalling og referat frå møtet 25.09.13 går det fram at sak 7 er ei SU-sak. Av innkallinga går det fram kven av foreldrerepresentantane som berre er med i SMU og ikkje med i SU. Slik Fylkesmannen forstår desse dokumenta er det ein av foreldrerepresentantane som berre er med i SMU som er referent også når det gjeld sak 7. Fylkesmannen vil gjere merksam på at av Utdanningsdirektoratet si «Rettleiing til medlemmene» (skulemiljøutval) går det fram at «Møta i samarbeidsutvalet og møta i skulemiljøutvalet bør vere klart åtskilde, og dei skal til dømes ha separate referat.» Det er også Fylkesmannen si vurdering at SU bør omtalast i skulen sitt infohefte på lik line med SMU.

Det er oppretta FAU ved skulen. FAU har jamlege møte og dei tar opp saker som gjeld skulemiljøet.

Innkallingar, referat, samt ny informasjon frå kommunen i samband med tilbakemeldinga på den førebelse tilsynsrapporten, sannsynleggjer etter Fylkesmannen si vurdering at dei ulike brukarorgana har jamlege møte. Saklister og referat viser at skulemiljø er tatt opp i dei ulike utvala, men skulen manglar likevel rutinar for å holde råda og utvala orienterte om forhold som er vesentlege for skulemiljøet. Skulen har heller ikkje dokumentert at det er drøfta og laga rutinar for kva slag saker skulen meiner er vesentlege for skulemiljøet og difor må takast opp i utvala. Eksempel på slike saker kan vere drøfting og evaluering av ordensreglement, Bjerkreimmodellen og Elevundersøkinga.

#### **Fylkesmannen sin konklusjon**

Det er oppretta elevråd og FAU ved skulen. Både elevråd og FAU har jamlege møte og tek opp saker som gjeld skulemiljøet.

Det er oppretta SU og SMU ved skulen, utvala er rett sett saman, og SU og SMU har hatt jamlege møte. Det er teke opp saker som gjeld skulemiljøet.

Skulen manglar rutinar for å holde råda og utvala orienterte om forhold som er vesentlege for skulemiljøet.

## **4. Pålegg som blei varsla i den førebelse tilsynsrapporten**

I den førebelse tilsynsrapporten datert 13.12.13 varsla Fylkesmannen følgjande pålegg:

### **Det individuelt retta arbeidet ved skulen - § 9a-3 tredje ledd**

- Pålegg 1. Bjerkreim kommune skal sørgje for at Bjerkreim skule behandlar oppmodingar om tiltak ved å gjere enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova. Bjerkreim kommune må i denne samanhengen sjå til at Bjerkreim skule:
- a. fattar enkeltvedtak ved alle oppmodingar om tiltak knytte til elevane sitt psykososiale miljø

## **Brukarmedverknad - §§ 9a-5 og 9a-6 og kapittel 11**

Pålegg 2. Bjerkreim kommune skal sjå til at Bjerkreim skule involverer og engasjerer elevar og foreldre i skulemiljøarbeidet. Bjerkreim kommune må i samband med dette sjå til at Bjerkreim skule:

- a. utarbeider rutinar for å halde råd og utval orienterte om alle forhold som er vesentlege for det psykososiale skulemiljøet, slik at råda og utvala fungerer slik lova krev

### **5. Frist for tilbakemelding**

Bjerkreim kommune må innan 16.05.14 rette dei varsla lovbrota. Kommunen må også innan den same fristen sende inn ei skriftleg erklæring om at lovbrota er retta. Det må gå fram av den skriftlege erklæringa korleis rettinga har skjedd. Dokumentasjon som syner korleis lovbrota er retta, må også sendast inn.

Med bakgrunn i den skriftlege erklæringa og tilhøyrande dokumentasjon frå kommunen, vil Fylkesmannen vurdere om tilsynet kan avsluttast, eller om Fylkesmannen vil fatte vedtak om pålegg om retting.

Eit eventuelt vedtak med pålegg om retting vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. Dette enkeltvedtaket kan det klagast på. Utdanningsdirektoratet er klageinstans.

Stavanger 10.02.14

Hjalmar Arnø  
tilsynsleiar/rådgevar

Hallgeir Bø  
fung.utdanningsdirektør

Hanne Sørli Ronæss  
rådgevar

## **Vedlegg 1            Oversyn over innsend dokumentasjon**

Utgreiing frå skulen

Infohefte 2013-2014 med verksemdsplan

Bjerkreimmodellen 2013

Ståstadsanalyse

Elevundersøkinga 2013

Referat FAU-møte 17.12.12 (ettersendt pr. epost 06.11.13)

Referat FAU-møte 18.12.12 (ettersendt pr. epost 06.11.13)

Referat FAU-møte 23.04.13 (ettersendt pr. epost 06.11.13)

Referat årsmøte FAU 27.05.13 (ettersendt pr. epost 06.11.13)

Referat FAU-møte 11.09.13

Opplysningar frå elevrådsmøte 17.09.13 og 23.09.13

Innkalling til møte i skulemiljøutvalet 07.05.12 (ettersendt pr. epost 06.11.13)

Innkalling til møte i skulemiljøutvalet 10.09.12 (ettersendt pr. epost 06.11.13)

Referat skulemiljøutvalsmøte 10.09.12 (ettersendt pr. epost 06.11.13)

Innkalling til møte i skulemiljøutvalet 20.11.12 (ettersendt pr. epost 06.11.13)

Referat møte i SU 13.11.12

Referat skulemiljøutvalsmøte 25.09.13

Referat teammøte 1.-4. trinn 24.09.13

Referat frå teammøte 5.-7. trinn veke 37

Mal for elevsamtalar 1.klasse hausten 2013

Mal for elevsamtale 2.klasse

Mal for elevsamtale 3.klasse

Mal elevsamtale

Informasjon om elevsamtalar

Skjema til bruk ved foreldrekonferanse 5.-7. trinn

Spørsmål som utgangspunkt for samtale – heim

Skjema til bruk ved foreldrekonferanse 1.klasse

Skjema til foreldrekonferanse 2.klasse våren 2013

Skjema til foreldrekonferanse 3.klasse våren 2013

Skjema til foreldrekonferanse hausten 2013

Spørsmål til foreldresamtale

Organisasjonskart Bjerkreim skule

Utfylte skjema «Avklaring om sak som faller inn under opplæringsloven kapittel 9a» (mottatt 07.11.13)

Mal for trivselsundersøking

Utfylte skjema «Avklaring om sak som faller inn under opplæringsloven kapittel 9a» (ettersendt pr. brev 14.11.13)

Enkeltvedtak etter § 9a-3

Henstilling om å sette inn tiltak

Innkalling til møte i skulemiljøutvalet/samarbeidsutvalet (ettersendt pr. epost 10.01.14)

Uttale frå Samarbeidsutvalet ved Bjerkreim skule (ettersendt pr. epost 10.01.14)

Uttale frå FAU til rådmannens forslag til økonomiplan for 2014 (ettersendt pr. epost 10.01.14)

Brev frå rådmannen til SU ang. høring økonomiplan (ettersendt pr. epost 10.01.14)

## Vedlegg 2

## Oversyn over dei som er intervju

Kirsten Versland	assistent
Siw R. Israelsson	assistent
Kim Jensen	kontaktlærer
Susanne G. Tengesdal	kontaktlærer
Siri Torstensen	ansvarleg for sosialpedagogisk rådgiving
Dag Voigt	rektor
Rune Andersen	kommunalsjef Bjerkreim kommune
Inge Stangeland	rådmann Bjerkreim kommune

Det er dessutan gjennomført samtalar med representantar for elevrådet og FAU.

## Vedlegg 3      Rettslege krav

### 1      Det førebyggjande arbeidet

**§ 9a-4, Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)**

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

**§ 9a-3 første ledd – Det psykososiale miljøet**

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Det systematiske skulemiljøarbeidet skal sikre at elevane sin rett blir oppfylt ved at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk for eit godt skulemiljø. Det avgjerande er at skulemiljøarbeidet er eigna til å sikre elevane eit godt psykososialt miljø og at brot på retten til eit godt miljø blir oppdaga og handtert på ein effektiv måte.

Føremålet med skulen sine plikter etter § 9a-4 er å sikre at uønskt/krenkjande åtferd blir oppdaga og teke hand om tidleg. Dette vil seie at skulen må ha rutinar for å kartlegge skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det psykososiale miljøet.

Ein naudsynt føresetnad for det systemretta arbeidet er at skulen overfører krava i kapittel 9a til konkrete mål og handlingar. Skulen må ha planar og rutinar for korleis elevane sin rett skal oppfyllest.

Skulen blir i § 9a-4 pålagd å arbeide aktivt, systematisk og kontinuerleg slik at krava i kapittel 9a blir oppfylde. Dette inneber at skulen skal arbeide etter eit "føre var"-prinsipp, og førebyggje brot på eleven sin rett etter § 9a-1. Skulen kan ikkje vere passiv og avvente at ein situasjon oppstår, som til dømes at læraren faktisk ser mobbing eller at nokon klagar på forholda. Med kontinuerleg meiner ein at det systematiske arbeidet må vere gjennomgåande i skulen sitt arbeid, og ikkje berre noko som blir gjort når det oppstår ubehagelege situasjonar eller ved oppstart av kvart skuleår. Arbeidet skal drivast heile tida, gjennom heile skuleåret. Eit anti-mobbeprogram eller ein perm med internkontrollrutinar som står i ei hylle, er ikkje tilstrekkeleg for å oppfylle kravet til systematisk arbeid.

Det systematiske arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutinane må vere innarbeidde og må følgjast av personalet når det blir arbeidd med saker som omhandlar det psykososiale miljøet til elevane.

Skuleleiinga ved rektor har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt, systematisk og planmessig.

**Skulen må for å oppfylle kravet til internkontroll:**

- Setje seg konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet

- Arbeide systematisk og planmessig for å nå måla og førebyggje problem
- Ha rutinar for å følgje med på skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det, medrekna rutinar for å avdekkje og handtere problem når dei dukkar opp og kontrollere at rutinane blir følgde

Skulen må kunne dokumentere at dei har eit system for internkontroll. Internkontroll inneber å overføre krava i lov og forskrift til konkrete mål for skulemiljøet, kartleggje utfordringar, planleggje og setje i verk tiltak for å nå måla. Skulen må dokumentere at dette er etablert, og at det faktisk blir følgd opp.

I tillegg til det som blir dokumentert skriftleg, må skulen kunne vise at:

- internkontrollen dekkjer alle reglane i kapittel 9a
- kvar tilsett utfører pliktene dei har etter lova og kjenner til interne mål, rutinar/planar
- dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse om skulemiljøarbeid og handtering av utfordringar og hendingar som gjeld skulemiljøet
- skulen har tiltak for å fremje skulemiljøet og førebyggje, avdekkje og handtere krenkingar
- tiltaka blir sette i verk, og planar og rutinar blir følgde i praksis
- leiinga er aktivt med i arbeidet med internkontroll/skulemiljø.

I det systematiske arbeidet med det psykososiale miljøet må også andre reglar i opplæringslova dragast inn. For det fyrste må skulen kartleggje krava til brukarorgan i kapittel 11. Eit sentralt organ i det systematiske arbeidet er skulemiljøutvalet.

Ordensreglementet ved skulen er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med skulemiljøet, og skulen må sjå til at dette er integrert i skulemiljøarbeidet/internkontrollen. Eit system for skulemiljøet som ikkje blir sett i samanheng med ordensreglement, er ikkje heilskapleg nok. I tillegg må skulen også trekkje inn vurdering i orden og i oppførsel etter forskrift til opplæringslova § 3-5.

## **2 Det individretta arbeidet**

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova.

- Handlingsplikta etter § 9a-3 andre ledd
- Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre som enkeltvedtak etter § 9a-3 tredje ledd

### Handlingsplikta

#### ***§ 9a-3 andre ledd – plikta til å undersøkje, varsle og gripe inn***

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og

mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Regelen slår fast at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber

- plikt til å gjere undersøkingar,
- plikt til å varsle rektor og
- plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg.

Handlingsplikta gjeld for alle som er tilsette ved skulen ved at dei har eit tilsetjingsforhold/ein arbeidsavtale med skuleeigar. I førearbeida til lova<sup>2</sup> er det sagt at "tilsette" i praksis ofte vil vere lærarar og miljøarbeidarar, men at plikta også gjeld anna personale. I tillegg til undervisningspersonalet på skulen kan dette til dømes vere vaktmeister, assistentar, kontor- og reingjeringspersonale.

Den tilsette si handlingsplikt tek til å gjelde når ho/han får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar. "Kunnskap om" vil seie at den tilsette faktisk veit at ein elev blir utsett for uakseptabel åtferd frå elevar, lærarar eller andre ved skulen. Dette kan vere hendingar som den tilsette sjølv er vitne til eller blir fortald om. Ein del av handlingsplikta er plikta til å undersøkje om eleven faktisk har blitt utsett for krenkjande ord eller handlingar, og få klargjort kva som faktisk har skjedd. Handlingsplikta gjeld også dersom den tilsette får ein mistanke om at ein elev er utsett for ord og handlingar. Det er altså ikkje naudsynt med faktisk kunnskap for at handlingsplikta gjeld.

Den tilsette må, når ho/han får kunnskap eller mistanke om krenkjande åtferd, vurdere kva som blir neste steg. Skuleleiinga skal varslast, og i nokre tilfelle har den tilsette plikt til å gripe inn. Dette må vurderast konkret i den enkelte situasjonen. I akutte situasjonar, til dømes når elevar slåss eller ein overhøyrer krenkjande ord til ein elev, er det naturleg å gripe inn straks og undersøkje nærare i etterkant kva som faktisk skjedde.

Det følgjer av § 9a-3 andre ledd at etter at den tilsette har undersøkt saka og kome til at dette er forhold som bør følgjast opp, skal skuleleiinga informerast. Skuleleiinga pliktar å sikre at alle saker dei blir varsle om og blir følgde opp. Tilsette som varslar etter § 9a-3 andre ledd skal takast på alvor. Skulen, ved rektor, pliktar å undersøkje saka ytterlegare dersom det er behov for dette, og setje i verk eigne tiltak.

Skulen med alle sine tilsette må ha *ei felles forståing av når det skal varslast*, og korleis varslinga skal skje. På same måte må alle ved skulen ha eit avklart forhold til terskelen for å gripe inn. Desse avklaringane og rutinar for dette må innarbeidast i internkontrollen etter § 9a-4.

Det er ikkje noko krav i § 9a-3 andre ledd om at skulen skal gjere eit enkeltvedtak når det blir sett i verk tiltak etter eige initiativ. Dette skil seg frå når ein elev eller forelder ber om tiltak, jf. § 9a-3 tredje ledd. At det ikkje må gjerast enkeltvedtak tek likevel ikkje frå skulen ansvaret for å følgje opp saka på føremålstenleg vis.

I nokre tilfelle vil tiltaka skulen set i verk, likevel krevje at det blir gjort enkeltvedtak. For enkelte tiltak er det fastsett eksplisitt i opplæringslova eller forskrift til opplæringslova at avgjerda er eit enkeltvedtak. Døme på dette er bortvising etter opplæringslova § 2-10 og skulebyte etter opplæringslova § 8-1 tredje ledd. Elles er det definisjonen av enkeltvedtak i forvaltningslova § 2 sett opp imot karakteren av tiltaket som er avgjerande for om reglane om enkeltvedtak skal brukast. Samstundes har skulen eit visst handlingsrom knytt til

<sup>2</sup> Sjø Ot. prp. nr. 72 (2001-2002).



ordensmessige og opplæringsmessige tiltak. Dette er mindre inngripande tiltak som blir gjorde for å gjennomføre opplæringa.

Det skriftlege, som enkeltvedtaksforma gjev, er viktig for skulen si dokumentering av at dei har gripe inn og prøvd å sikra eleven sin rett etter § 9a-1.

#### Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre

##### ***§ 9a-3 tredje ledd – Eleven/ foreldra sin rett til å be om tiltak og saksbehandlinga ved skulen***

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Skulen er pålagd gjennom § 9a-3 tredje ledd å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom det ligg føre ei slik oppmoding, må skulen snarast råd ta stilling til om eleven sin rett er oppfylt, og eventuelt kva tiltak som skal setjast i verk. Det blir streka under at skulen alltid skal gjere eit enkeltvedtak når elevar/foreldre oppmodar om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet. Skulen har altså ei vedtaksplikt. Dersom skulen ikkje oppfyller plikta til å gjere enkeltvedtak i saka, kan foreldra/eleven likevel klage som om det var gjort enkeltvedtak.

Oppmodingar frå elevar og foreldre treng ikkje vere skriftlege. Skulen må også ta stilling til munnlege førespurnader. Skulen kan ikkje avvise ei oppmoding fordi ho ikkje er skriftleg eller unnlèt å oppgje kva tiltak eleven/foreldra ynskjer. Skulen kan heller ikkje krevje at eleven/foreldra må levere ei skriftleg oppmoding. Dersom skulen er i tvil om ei oppmoding frå eleven/foreldra er ei oppmoding etter § 9a-3 tredje ledd, må skulen avklare dette. Skulen har ei rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11. Ein del av dette vil vere å informere eleven/foreldra om rettane etter kapittel 9a og klarleggje om ei oppmoding frå ein elev eller foreldre om det psykososiale miljøet er ei oppmoding om tiltak. Den som tek imot førespurnaden, pliktar også å informere om retten til å be om tiltak og klageretten etter § 9a-3 tredje ledd. Alle oppmodingar, også munnlege, skal takast på alvor og utgreiast. Dette er ein del av skulen si utgreiingsplikt etter forvaltningslova § 17.

Oppmodinga skal normalt rettast til skuleleiinga ved rektor, men oppmodingar kan også rettast til lærarar og andre tilsette. Dersom oppmodinga blir retta til ein lærar, må han/ho vurdere kva oppmodinga gjeld og om dette er noko som kan og bør løysast innanfor klassen. Læraren si vurdering vil vere viktig når det skal avgjerast kva tiltak som eventuelt skal inn i enkeltvedtaket.

Uansett om oppmodinga kan løysast innanfor klassen, skal denne bringast vidare til skuleleiinga. Ei oppmoding frå elevar/foreldre skal aldri stoppast på klassenivå. Dette har samband med kravet i § 9a-3 tredje ledd fyrste punktum om at alle tilfelle der det blir bede om tiltak knytte til det psykososiale miljøet, skal behandlast som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Regelen slår også fast at saka skal behandlast "snarast mogleg", og dersom det ikkje er gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova "innan rimeleg tid", kan eleven/foreldra klage som om skulen hadde gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Ei klage skal alltid sendast til det forvaltningsorganet som har eller skulle ha gjort enkeltvedtak i saka i fyrste instans. Det vil seie at klaga skal sendast til skulen. Fylkesmannen er

klageinstans, men før klageinstansen kan ta saka til behandling, må skulen eller skuleeigar sjå på saka på nytt, og eventuelt førebu saka for fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 33.

Elles inneheld ikkje opplæringslova kapittel 9a krav til saksbehandlninga.

Saksbehandlingsreglane i forvaltningslova gjeld for saker etter § 9a-3. Dersom skulen ikkje behandlar noko som var meint som ei oppmoding, er dette alvorleg og kan få konsekvensar, m.a. anna etter strafferegelen i §9a-7.

### 3 Brukarmedverknad

Elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både planlegginga og gjennomføringa av det, jf. § 9a-5. Første ledd i denne lyder:

#### § 9a-5 første ledd – Elevdeltaking i skulemiljøarbeidet

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skolen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.

Dette inneber at elevane skal takast med i skulen sitt arbeid med å oppfylle krava i kapittel 9a. Dette kan til dømes vere deltaking når skulen lagar ordensreglement, deltaking i gjennomføring av gjennomføre enkle målingar, osv. Det er skuleleiar sitt ansvar at elevane blir tekne med i skulemiljøarbeidet.

I førearbeida er det vist til at det er viktig i seg sjølv at elevane kan få oppleve å bli høyrde, og for skulen vil det vere lettare å planleggje og å gjennomføre tiltak i samarbeid med elevane og dei føresette.

Elevane si deltaking i skulemiljøarbeidet skal vere sikra i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.

I lova § 9a-6 og kapittel 11 er ulike organ for brukarmedverknad regulerte. Dei råda og utvala opplæringslova stiller krav til at skulane skal opprette, er:

- Elevråd – jf. § 11-2/11-6
- Foreldreråd og FAU – jf. § 11-4
- Samarbeidsutval/skuleutval – jf. § 11-1
- Skulemiljøutval – jf. § 11-1a

Råda og utvalga skal gjevast relevant informasjon og ein *reell* sjanse til å uttale seg, jf. § 9a-6.

#### § 9a-6 - Informasjonsplikt og uttalerett

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skulemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skulemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skolen, og har rett til å uttale

seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skolemiljøet.

Dersom skolen blir klar over tilhøve ved skolemiljøet som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det.

Rutinar for å sikre at informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.

## **Forsvarleg system**

### **§ 13-10 andre ledd: Ansvarsomfang**

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte.

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd.

Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane.

### **§ 13-10, 2. ledd - minimumskrav (ikke uttømmende):**

- Skoleeier må selv foreta aktive grep for å sikre at regelverket blir oppfylt i egen organisasjon.
- Systemet skal kunne dokumenteres skriftlig
- Skoleeigar må kunne beskrive systemet og kunne dokumentere at systemet er tilstrekkeleg kjent i relevante deler av verksemda (hos dei som har ein funksjon i systemet).
- Skoleeigar skal sikre at systemet er kontinuerleg, konsistent og robust mot endringar i organisasjonen.
- Systemet skal vise kva rutinar for kartlegging, vurdering, korrigering, kommunikasjon og samhandling som skal realisere formålet med systemet.
- Systemet skal være eigna til å sikre at adekvate tiltak blir sett i verk når det blir avdekka brot på regelverket.
- Skoleeigar skal sørge for at brukarane av regelverket har kjennskap til systemet.

- Skoleeigar skal ha rapporteringsrutinar som sikrar kartlegging av om tiltaka som blir sett i verk, verkar etter føremålet.
- Systemet må vere gjennomført i organisasjonen – det er korleis systemet fungerer i praksis som er avgjerande med omsyn til om det er lovmessig.
- Skoleeigar må sørgje for tilstrekkeleg kompetanse i alle relevante ledd av verksemda for å kunne vurdere data og situasjonar opp mot lovkrava.